

Med juletonar både i Handlebyen og i Vonheim.

16.12.2006



Musikklaget er i full aktivitet att. Her saman med skulemusikken under julegrantenning (foto: Ola Matti Mathisen)

At musikklaget er kome i godt gjenge, har ikkje gått upåakta hen. No er dei blitt engasjert av Handlebyen Husnes til å skapa julestemning for dei under julehandelen. I romjula er dei eit fast programinnslag på den årlege julefesten i Vonheim. Musikantane synes det er svært kjekt at dei vert spurde om slike speleoppdrag.

Fredag 22.desember stiller korpsset opp på Husnes for å bidra med julemusikk der. - Vi synes det er kjekt at vi har blitt kontakta av dei, seier Monica Storevik som har vore kontaktperson med Handlebyen Husnes, korpsset ønskjer jo å spela musikken sin for publikum, og her skulle jo alt liggja til rette for masse folk. Mange er nok ute og tar innspurten i julehandelen denne kvelden.

Korpsset kjem naturleg nok til spela julemusikk når dei opptrer på Husnes. Det nok også det publikum helst vil høyrta to dagar før julafana. Vi får håpa dei har tid til å stoppa opp og lytta til juletonane i ein juleinnsprt som nok er alt for hektisk for mange. Korpsset skal spela på 3 ulike plassar i tilknytning til sentera frå klokka fem og utover. Ekstra hyggeleg er det nok at oppdraget skaffar sårt tiltrengde midlar til lagskassen. – Vi får eit par tusenlappar for spelringa, og det synes vi er flott! seier Monica.

Korpsset har og eit anna oppdrag medlemmene set stor pris på, på planen i samband med feiringa av julehøgtida. Fjerde juledag er det god gammaldags julefest i forsamlingshuset Vonheim på Haugland. Her har musikklaget si deltaking vorte ein årvisss tradisjon. Etter at Leif Matre første gang tok initiativ til det på slutten av 80-talet, har medlemmer frå musikklaget sytt for juletonar på kvar einaste julefest i Vonheim. Dette er ein tradisjon som både musikkantar og festlyd veit å setja stor pris på.

Av Thor Inge Døssland